

Lindås kommune  
Arealplan v/Eli Bjørklid  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 Isdalstø

**Ad: Søknad om deling – GBNR 108/5 Lindås – areal til bustad.  
Dykkar ref. nr:14/2788 – 14/7213**

Vi syner til søknad om frådeling av tunet på gnr. 108 bnr. 5 og dykkar brev av 26.03 og telefonsamtale med Arve Viken 07.04.2014.

Det vert bede om ei utgreiing om våre planar for restareala på eigedomen, og særleg det arealet som er sett av til landbruksføremål i kommuneplanen.

Vår plan har heile tida vore at heile eigedomen skal seljast.

Når vi først ynskjer å skilje ut og selje gardstunet som eiga eining er det fordi vi trur dette aukar sjansen for at det kan bli tatt i bruk til bustadføremål i nær framtid og samtidig bestå som eit gardstun. Tunet er ei naturleg eigen eining med eit våningshus som er gamalt, men fullt mogeleg å bu i. Det er kommunalt vatn og kloakk og eigen veg, og ligg tett opp til eksisterande bustadfelt. Vi reknar det difor lettare å selje denne delen enn resten av det arealet som er sett av til bustadføremål i kommuneplanen.

For oss er det positivt om tunet kan bestå og verte heldt ved like, sidan eigedomen har vore i familiens eige i over 90 år, og familien v/Arve Viken framleis vil ha ein fritidseigedom på nabotomta.

Vår plan er vidare å søke om frådeling av resten av det arealet som ligg på B21 i kommuneplanen og er sett av til bustadføremål.

Vi planlegg og å søke om frådeling av det arealet på ca 45 dekar som grensar til riksvegen og er sett av til næringsføremål i kommuneplanen.

Restarealet som vert igjen etter desse frådelingane er på ca 110 dekar og er sett av til landbruksføremål i kommuneplanen.

Vi planlegg no at dette restarealet skal bli bydd fram for sal som tilleggsareal til tilgrensande landbrukseigedomar, eller andre gardsbruk i nærleiken som kan ha interesse av det.

Dette arealet har i dag låg nytteverdi til landbruksføremål då det berre har 4-5 dekar grasmark og heller ikkje har vore nytta som beite sidan først på 80-talet. Vi er innforstått med at dette vil gjenspeilast i salsverdien.

Vi er innstilt på at det ved ei frådeling av gardstunet må takast inn ein servitutt i skøytet som gjev brukar og eigar av restarealet nødvendig tilgang til landbruksarealet gjennom tunet dersom det ikkje er annan vegtilkomst.

Vi vil og informere om at Lindås Tomteselskap AS sjølv har teke kontakt og synt interesse for eigedomen og har bede om å bli varsla dersom han vert lagt ut for sal.

Frekhaug 8/4-2014

**Arve Viken**, Postboks 104, 5906 Frekhaug, tlf 90726780  
Etter fullmakt frå Maria Viken